

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08 / 03599 - 73	
DATO 11 FEB. 2009	
AN	EKSP.



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Kinsarvik, 10. februar 2009

Endring av energilova høyringsnotat av 9.des. 2008 – uttale/vedtak frå Hardangerrådet

Hardangerrådet IKS er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Odda.

I Hardanger er det høge fjell, godt med nedbør, isbremagasin og gode vilkår for produksjon av grøn kraft gjennom utbygging av småkraftverkt og opprusing av eksisterande kraftanlegg. Dette er samfunnsmessig svært attraktivt og mykje grøn kraft kan tilførast landet frå Hardanger. Det er også god distriktsutbygging.

Hardangerrådet IKS drøfta på møtet den 5.februar Høyringsnotet av 9.desember 2008 om framlegg til endringar i Energilova og viser spesielt til kapittel 2 i forslaget.

Hardangerrådet IKS kan på ingen måte akseptera at det i lovforslaget vert lagt opp til at nettabonntane i distriktet skal bera kostnadane med tilføring av ny grøn kraft inn på distribusjonsnettet i regionen. Det kan bety meir enn 50 % høgare nettleige eller store eigenkapitaltilskot frå eigarane. Tilgang på ny grøn kraft er i storsamfunnet si interesse i samband med auka sjølvforsyning. Forsterking av distribusjonsnettet for å få slik kraft inn på regionalnettet må rettferdig fordelast. Dette er distriktspolitikk.

Hardangerrådet IKS kan ikkje sjå det som ei rimeleg ordning at dei lokalsamfunna som stiller sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet, må bera utgiftene for nettinvesteringar som også vert gjort av omsyn til storsamfunnet.

Hardangerrådet IKS ber om at kostnader med å tilføra ny grøn kraft til distribusjonsnettet vert betalt som tilskot til nettselskapa gjennom ENOVA eller andre nasjonale ordningar.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Solfrid Borge /s/
Rådsordførar

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168
www.hardangerraadet.no – E-post: post@hardangerraadet.no

